



# Gudrun Hetland

Fødd 1929 i Høyland (Sandnes)

Gift 1953 med Odd Hetland

To born

Bonde

Ho vaks opp på gard, ein relativt liten gard, litt utanfor allfarveg, men høgt og fritt. Der var ingen sysken, men mykje natur, dyr og draum. Trass i at ho var skuleflink valte ho bort skule og fann seg til rette med gardsarbeid på odelsgarden. Ho er ei moderne kvinne som meir enn andre har opplevd, og fått følgt, ei enorm utvikling frå det gamle jordbruket og framover. Slitet ved å velje bondeyrket har kroppen fått merke.

## **OPPVEKST**

Her på garden Ur-Eikeland er eg fødd, her har eg hatt barndom og vaksenliv. Eg var einebarn, rett nok var det ei syster som døydde då eg var fem år. Garden ligg fritt og fint til, på ei høgd, omlag 7-800 meter frå hovudvegen gjennom Soredalen. Frå stoveglaset ser ein over Skjelbreitjørna til gardane på Leikvam og Skjelbrei. Ved neste augnekast trer Sygnå, Sviland og Hana fram. Her sprang eg som småjente, mellom åker, eng og husdyr. Her var fleire generasjonar og kjentfolk på dei to nabogardane like ved. Det var vel aldri einsamt, her skjedde så mykje på garden dagleg. Fjøsstell med mjølking morgon og kveld, kyr og kalvar skulle ha fôr og stell. Mjølka skulle dagleg ned til hovudvegen, og spanna skulle hentast inn til vasking seinare på dagen. Naboane samordna seg med å frakte spanna til og frå mjølkerampa.

I stallen stod hesten, han blei brukt både på åkeren og til transport. Sauene hadde eige hus. Det hadde sjølvsagt hønene òg. Det var mange uthus på garden. Gamle bestefar var i si tid redd eldbrann og fann det tryggare med mange mindre enn ein stor bygning. Dette gjorde nok arbeidet ekstra tungvint. I fjøset måtte til dømes fôret fraktast i kasse fram til kvar bås. Samstundes stod bygningane så tett at det nok ikkje var særleg sikra mot brannfaren.

Ein gong han far skulle hesje, støyte han spettet i noko hardt, det var eit potteskår. Han melde i frå, slik vi var lærd opp til. Det enda som eit registrert gravfunn, men utgraving har det aldri blitt. Frå vår sjåstad kunne haugen vore planert ut, det ville gitt oss laglegare

gardsdrift. Planering får me ikkje lov til. Myndigheita har veldig makt. Nå er det omlag 75 år sidan.

## **DIFTERI**

Ferdig med folkeskulen, gjekk turen til framhaldsskule på Hana. Veggen var lang nok, grusveg med stein og hol. Det var krig og sykkeldekkja var ikkje bra. Eg flytte inn til kjentfolk i Strandgata for å få ein lettare skuleveg det året, men skuleåret skulle bli litt annleis. Eg fekk difteri, lækjaren Fugelli, far til Per Fugelli, fekk meg lagd inn på Stavanger sjukehus. Der blei eg liggjande i seks til sju veker, ingen fekk vitje meg. Sjukdomen var svært smittsam, og ettersjukdom skulle ein passe seg for. Etter sjukehusopphaldet blei eg send heim, med ordre om å ta det roleg, først 14 dagar i senga. Det blei ikkje meir skule på meg det året, ikkje seinare heller. Eg var nok veldig glad i norskfaget, men samstundes tidleg viss på at garden på Ur-Eikeland var framtida mi. Til tider hadde eg nok lyst å komme meg ut. Far forstod meg veldig godt. Han hadde sjølv vore ute. Han og fleire brør drog forresten til USA for å legge seg opp pengar. Vel attende i gamlelandet kjøpte han seg ein liten gard i Soredalen for nokre år, før han slo seg ned på heimegarden.

## **DET GAMLE BONDEYRKET**

Heilt i frå eg var ganske ung har gardsarbeidet vore kvardagen min. Eg har kjent gleda og slitet på kroppen i mange, mange år. Bondeyrket har ein fast syklus år ut og år inn. Garden vår hadde stor utmark, om lag 1500 dekar og godt beite. Dyrka areal var vel 40 dekar, det



*Ur-Eikeland ligg høgt og fritt. Me ser Skjelbretjørna midt på biletet.*

kunne gjerne vore større. Me dyrka potet og grønsaker slik at me var sjølvforsynte. Dyrehaldet var variert, hest, tolv kyr, ungdyr, griser, sauer, høner og kyllingar. Fôret som gjekk til gjennom vinteren måtte dyrkast, og ein kornåker høyrde til.

Etterjuls vinteren kunne vera roleg. Planlegging og litt vedlikehald var vanleg. Gjerdestolpar og hesjestolpar måtte fornyast, borken skulle skavast av på desse. Reiskap måtte fram, nokre skulle tjærebriast, andre reparerast. Så skulle våronna førebuast. Alt i februar

måtte det sorterast ut settepoteter, legge dei i kassar, og få dei fram i lyset for spiring.

Så var vårvinna der. Gjødsele etter husdyra, land og hevd etter storfe skulle ut på markene. Landet hadde eiga kjerre, landkasse med spreiemekanisme montert bak på kjerra. Hevda blei lessa i kjerre, køyrd ut på marka, og lagd i dungar på bakken, så var det å ta greipa fatt og spreie det heile jamt utover. Eg hugsar at arbeidet med å lesse hevd var utruleg tungt. Då streika ryggen min, og eg måtte gje meg. Arbeidet ute var avhengig av temperatur og vêrtilhøve. Ein tidleg vår ga oss betre tid, då blei det ikkje så hektisk. Markene som ikkje skulle gro igjen til hø, måtte pløyast, horvast, hyppast. Kornet blei sådd med hand, men seinare med sâmaskin. Etter såing måtte kornâkeren tromlast. Potetene blei sette for hand, og hyppa over utpå ettermiddagen. Rotvekstane kom i jorda ved hjelp av eit sâ-apparat «ein trilt», ei og ei fôr (rad) om gongen. Kunstgjødsele blei spreia med hand.

Rundt påsketider kom lamma, me måtte halde oppsyn med sauene på dei tidene. Det var spennande. Eit eller to lam, trillingar var sjeldnare. Eg hadde små nevar og blei sett til å ordne opp ved vanskelegare fødselar. Det var ikkje berre kjekt.

Ute grodde det opp, kampen mot ugraset var ârviiss, like så måtte ein sjå til med sprøytemiddel mot insekt. Sprøyting mot ugras var sjeldnare. Overgjødsling hørde med.

På føresumaren var dei 60-70 sauene og lamma klare for beiting ute, men før det skulle dei klyppast. Dette arbeidet likte eg. I mange år hadde me sauene

på beite på garden, men beitet var ikkje det beste. Her vaks rome, denne vakre guloransje romeblomen som utset lamma for sjukdommen alveld. Det var lett å sjå på augo og øyre om dyret var smitta, då var det å få dyret i hus og setje det mørkt ei veks tid. Men lammet var for alltid redusert, og blei aldri skikkeleg restituert. Det var alltid lamma det gjekk ut over. For å få bukt med denne sjukdommen, blei sauer og lam seinare sende på heiebeite.

I mai var det tid for å hente stein frå âkrane, kvart år kom det fram ny stein. Steinen blei plukka opp for hand, lagd i kjerre og tømt i utkanten av âkeren.

Torvskjering kom etter vårvinna. Torvbeen låg avsidde opp i gjennom, naboen hadde sin bee nær vår. Det var gilde dagar, det var folksamt rundt oss. Me ât ute, hadde med ekstra god niste, egg hørde med.

Vekene gjekk fort, dei sådde grønsakene vaks. Ved nådde 10 cm høgde eller der omkring, var det tid for «tynning» i rekkene, slik at det beste eksemplaret fekk vekse fram utan nær konkurranse. Då kunne me gå krumbøygde i fòrene i dagevis og sortere ut. Dette gjaldt kâl, kâlrot, roe, gulrot og fôrmergkâl, men sortimentet var ikkje like omfattande kvart år.

På føresumaren var det klart til å slå høyet. Hest og slåmaskin var på plass. Slåmaskinen hadde mange små trekanta knivblad, som måtte fungere. Blei dei skada av stein, måtte dei slipast eller så måtte eit nytt blad erstatte det gamle. Reserveblad låg klar, men me måtte til tider ta turen til Sandnes og la ein smed slippe ned skadde knivblad. Me hadde ein slåmaskin som blei dregen av berre ein hest. Det var tungt for hesten, han



måtte ofte ha seg kvilepause. Arbeidet gjekk seint. Eg sat på slåmaskinen, styrde hesten og slo graset.

Høyet kunne turkast på bakken. Då blei det raka saman ved hjelp av hest og rive og lagt i rullar i kveldinga. Deretter samla me høyet i såter, best mogleg verna mot nattetåka. Morgonen etter blei same høyet spreia med hest og høyvendar, for å bli liggande i tynne lag utover bakken i solsteiken. Dette arbeidet måtte skje kvar dag, morgon og kveld. Etter nokre dagar, ved gode vêrtilhøve, var høyet turt og eigna til å køyrast inn. Vestlandsvêret er lunefullt, derfor var det tryggast å sette opp hesje, og legge høyet på ståltrådar i fire høgder. På det viset var du ikkje så vêravhengig. Hesjehøy tålte regn. Blei det mykje regn kunne det nok gå ut over kvaliteten.

Turt høy skulle i hus, det blei kalla høying. Då var det fram med høykjerre, tong og tau. Det var mest ein kunst å lesse høyet på kjerra. Breie, store lass, ein eller ei, gjerne eg, blei plassert oppi lasset. Oppgåva var å fordele dei store gaffellyfta som blei lagd på det stadig høgare lasset. Til slutt kom tongjå og tauet, og lasset blei strama opp så pass at ein trygt kunne køyre opp låvebrua. Men hjå oss var der inga låvebru, men ei nedkøyrsløp og derfrå måtte høyet lempast på plass opp i høyrømmet inne i låven. Det var eit utruleg stort slit. Når høyonna var unnagjort var det tid for utslått. Beitegraset blei slått med ljå. Lagt utover og turka på bakken. Utslått nær hovudvegen var ekstra gjæv, då såg me andre folk, lærarbilen og andre bilar fara forbi. Og kan hende fekk me ein prat med ein ungdom frå ein annan gard.

August var roleg. På denne tida samla me inn saue-  
ne for eit karbad. Ein og ein sau blei lempa ned i karet. Vatnet var tilsett kreolin, og dette skulle fjerne flått og andre insekt som hadde slege seg ned i ulla.

Korn og rotvekstar gjorde seg klar til hausting. Det var tid for skurd, kornslått, avhengig av kornslag og temperatur. Var det mykje regn utover sumaren kunne deler av kornåkeren legge seg flat og bli umogleg å hauste. Det var ille. Ytre kant av åkeren blei innleingsvis slått med ljå slik at kornet ikkje skulle skadast av tung reiskap. Så blei det laga bendel av halm til å binde rundt og stø kvart kornband. Kornbanda turka ute, då blei dei sett saman i dobbe, åtte til ti band saman i ein krans. Før me fekk eigen traktor var det i mange år mogleg å leige traktor hjelp til å skjere kornet, skurd-treskjar. Kornbandet blei maskinelt utstyrt med sjølvbindartråd. Det var eit framsteg, og letta arbeidet vårt. Etter dagar i dobbe var det tid for å lå. Kornbanda blei frakta inn, lagd sirleg utover, oppå høyet inne på låven. Der skulle dei ligge og godgjere seg før tresking.

Hardråde var det når ein skulle treskje. Me måtte opp dei bratte bakkane frå hovudvegen med eit langt tungt treskjeverk og hakkmaskin som følgde med. Hesten sleit, men mest verre var det etter endt arbeid då hest og utstyr skulle ned dei bratte bakkane. Då måtte ein bruke tau og halde igjen. Uthusa var så upraktiske for dette arbeidet at halmen i fyrste omgang måtte på utsida, for så å bli samla saman og lagra inne etter at treskjeverket hadde kome seg vidare. Kornsekkene blei lagra i løa ei tid, før dei blei frakta til mølle i Sandnes for maling. Denne lagringa på løa gjorde at mjølet blei ekstra godt.

Potetene skulle opp, først måtte lauvet fjernast, gjerne med sigd. Det mest primitive var å spa potetrisa, eit etter eit. Neste mann rista potetene laus og la dei klar for neste operasjon, som var å samle dei i bøtter og tømte avlinga i sekkar. Det var vanlegare å hyppe opp ei rad, hoppe over ei rad, hyppe den neste osv. Deretter gjekk ein og rista laus og grov fram potetene. Der låg dei i dagen og skein, klar for å hamne i bytte og deretter i sekker. Potethausting var typisk lagarbeid. For andre rotfrukter galdt å skilje lauv og frukt. Ei og ei rotfrukt blei dregen opp av jorda med eine handa medan ein stor kniv i andre handa fjerna litt av rota og skilte lauv og frukt. Lauvet la me i dungar bortetter. Fruktene samla me i fellesrekke for to rader. Lauvet var ferskfôr for kyr og ungdyr, og blei køyrd inn. Rotfruktene blei lessa på kjerre eller hengar og lagra inne for bruk bortetter hausten og vinteren. Det var ein utruleg mosjon å lesse inn roe, kålrabi og andre rotfrukter. Ein måtte bøye seg ned, famne to til tre rotfrukter, rette seg opp og lempe oppi kjerra, dette skulle gå fort, der låg alltid klar ei rotfruktrekke på kvar side av kjerra eller hengaren.

Seinhaustes var det tid for slakting. Grisen spesielt høyrde til juleslakt. Dette gjekk føre seg heime på garden. Det var eit tungt slag i hovudet, så stod ein klar, stakk grisen og samla opp blodet i eit kar. Busta, grisepelsen, trengte kokande vatn for å løyse. Derfor blei det ofte gjort opp bål ute, ei svær jerngryte blei brukt til kar. Mange bønder hadde lært seg slaktekunsten, dei som var ekstra kunnige gjekk rundt og hjelpte andre. Prinsippet frå gammalt av var at heile dyret skulle nytast. Tarmar til pølse, blære til lampeskjerm, blod til

blodmat, føtene blei syltelabbar. Dette var før fryseboksen si tid, kjøt og flesk blei salta og lagra i saltlake. Ribba blei turka, Koteletter og steik blei hermetisert. Slaktinga ute var ein ting, men alt arbeidet som følgde med inne på kjøkkenet, må ein ikkje gløyme. Som jente skulle du vere begge stader. Som nemnt skjedde grise-slakt heime, medan sauer og lam blei frakta til slakthuset når tida var inne.



*Gudrun stod brud i 1953, i kjøle sydd hos Idland.  
Fotografi: privat eige, fotograf ukjent*

## GIFTARMÅL OG TRAKTOR

Eg gifte meg i 1953. Det året kom der både husbond og traktor til Ur-Eikeland. Eg hugsar at eg handla brudeutstyr hos Idland, og førebudde meg på å gå heim, så treffe eg ein ungdom frå bygda som hadde fått seg sertifikat. Dermed kom eg meg heim i ein fart i staden for 1 ½ time til fots.

Me tok over ansvaret for garden på den tida. Det var fleire generasjonar på garden. Dei eldste hjalp oss, seinare trong dei hjelp. I etterkrigstida var det fleire som skaffa seg traktor og blei hyra inn på gardane t.d. i våronn, slått, skurd og potetopptak for å få unna arbeidet på ein mindre slitsam måte. Dette tilbodet hadde me nytta oss av ein del. Så lenge me hadde hes-ten, hadde me hestereiskap, dei same år etter år. Andre traktoren vår var ein Dexta. Den var ikkje av dei største, men veldig grei å handtere for meg. Men traktoren sette krav til total utskifting av reiskapane. Det som var tiltenkt hest passa ikkje for traktoren. Nokre reiskapar kunne ein ha i lag med naboar, men det var ofte slik at når sola skein, ønskte alle same reiskapen. Samstundes kom stadig ny og betre traktorreiskap på marknaden.

Arbeidsoppgåvene på garden var omlag som før, men etter kvart kunne mykje utførast på ein laglegare måte.

## HUSMOR OG HEIMEARBEIDANDE BONDE

Det var vokster i samfunnet, dei gylne 1960-åra merka me og. Eg lika arbeidet ute, og verdsette tekniske hjelpemiddel både ute og inne. På dette feltet skjedde ei utruleg utvikling på kort tid. Uthusa på garden hadde i mange år førd med seg eit ekstra slit. Samstundes



*Guðrun Hetland i hagen sin. Bak seg har ho Sviland, kor storstilt bustadbygging er i startfasen.*

var tida inne for å lagre høyr i silo. Ny moderne løe med silo blei bygd og teke i bruk i 1956, dette var ein stolt augneblink.

Garden kunne etterkvart ikkje gi oss avkasting til å løne to vaksne. Kvinna, generelt, var på veg ut i arbeidslivet. Hjå oss blei det mannen som fann seg arbeid ute, medan eg stod for dagleg drift av garden. Me delte fjesstell morgon og kveld. Utviklinga i landbruket gjekk i retning av å rasjonalisere drifta, det gjekk mot færre dyrkingskulturar ute og redusert mangfald i dyrehaldet. Dagtid gjorde eg både gardsarbeid og husarbeid. Eg hadde middagen klar når mannen kom heim, etter maten gjekk me begge ut og gjorde unna pliktene.

Seinare kom nytt bustadhus. Byggearbeida gjorde me til alt hell unna i tida med høg inflasjon. Medan



borna vaks opp, var det butikk på Sviland, 3 km unna. Det var veldig praktisk, då kunne eg sykle av stad, og få handelen gjort ganske kvikt.

Sjølv om det ikkje alltid har skorta på tekniske hjelpemiddel, har det blitt tunge lyft i mange år. Eg likte å vere aktivt med i alle ulike gardsarbeid.

### LAGSARBEID

Det er godt for nokon kvar å kome seg ut blant folk. Me sorterer under Sviland bydel. Her var det typisk spreidd busetnad. Dei fleste bebuarane hadde tidlegare tilknytning til ein gard. Blant tilboda for kvinnene i bygda var helselaget, saniteten, og misjonsforeining. Sviland Misjonsforeining for NMS blei starta så tidleg som i 1861, og har ein lang tradisjon som ein av dei eldste i Sandnes. Der har eg ikkje vore aktiv, men i ei nyare misjonsforeining, etablert då eg var ung, har eg vore aktiv, og sjølvsgatt i saniteten. I starten var det ytremisjonen, nå er det NOR misjon. Gjennom dette arbeidet gir me støtte til leirstaden på Horve og Strandleiren på Sola til dømes.

Saniteten var gjerne aktiv i saker som kom bygda til gode. Hovudlaget, sentralt, måtte i prinsippet godkjenne tiltaket. Skulekorpset fekk støtte, begge gutane våre var aktive der. Eit anna tiltak var barnekontrollen på Sviland. Då kunne eg gå ned og bli køyrd heim att. Saniteten har i mange år satsa på fastelavnris i februar, det gjorde laget vårt òg. Fjørene fekk me tilsendt, stundom som einskildfjører, andre år fleire ferdig saman i eit lite knippe. Bjørkekvistane fann me sjølvsgatt ute i skogen. Det var om å gjere å finne unge friske greiner

med gode fargar. Etterpå sat me på kjøkkenet og laga bukettar. Når helga nærma seg drog me til Sandnes til Mega og selde, og elles selde me i nærmiljøet.

### BASARTID

Hausten var basartid, begge laga hadde basar. I mange år var alle gjenstandane handarbeid frå aktive medlemmer. Ei tid gjekk turen årleg til broderibedrifta til Bertelsen i Hommersåk. Der gjorde me store innkjøp av garn og lilla stoff til adventslauparar for begge laga. Kvar ettersommar fekk saniteten i stand ein utfartsdag for medlemmar og ektefellar. Det var alltid populært, og turen var aldri lagt til ein sundag, men gjerne ein tysdag. Eg var sekretær mange år, skreiv eit lite referat frå kvar utferd, og fotograferte alle deltakarane og stadane me vitja. Alle referat, foto, namn på folk og



*Fjellbygda Pensjonistlag, stifta i 1995, var liv laga i ein fem-års-periode.*

stader er nedteikna og ordna i album. Desse turane var årvisse i 30 år. Her ligg to tjukke album som fortel meir om den historia.

I seinare tid vart det starta ei pensjonistforening. Eldsjela var Anni Varås. Då ho døydde såg ingen syn på å drive vidare. Denne foreininga varde snutt fem år.

For få år sidan, mest på same tida som mannen min døydde, vart saniteten lagd ned, etter snaue 40 års drift. Sjølv var eg ikkje huga på styrearbeid nett då. Folke-talet i bydelen aukar i byggefelta. Det er gjerne yngre folk, både tilflytta og dei som har røtene i bydelen. Det ser ikkje ut til at dei gamle laga interesserer, det skortar på nye medlemmer.

Misjonsforeininga til NOR misjon har berre fire medlemmer for tida, så ho heng i ein tynn tråd. Basaren som har vore årvis er avlyst dette året.

Eg har vore lite aktiv i politikken, men sat rett nok nokre år som sekretær i styret for Senterpartiet. Nå er eg helst fast på kjøkkenet, når dei har møte på Bøndenes Hus.

## **ALDERDOM**

Utviklinga går sin gang. Sonen som nå driv garden har full jobb ved sida av gardsdrifta. Fjøset er ombygd, og tilrettelagd for ti hestar, kua måtte vike. Det var vemodig å ta farvel med kyrne. Men nå kan eg glede meg over å ha flotte, beitande hestar rett utanføre stovelaset.

For meg har gardsarbeidet vore hardt for kroppen, det merkast på verken. Arbeidet ute har vore så gildt. Eg tenkte aldri på å spare meg. Eg har aldri hatt sertifikat, men det hadde vore kjærkome nå. Kne, armar og

skulder er utslitne. Det ser ikkje ut til at det fins medisiner eller anna rådgjerd som hjelper, heller ikkje blåbær. Bussruta er denne eine skuleruta som går tidleg om morgonen, kjem til Sandnes to timar før forretningane opnar. Eg søkte i fjor om TT-kort og fekk negativ tilbakemelding, og tips om å nytte ordinær bussrute.

Eg har lang røynsle med å bake flatbrød. Det skal eg vere med å styre i år òg, ventar berre at nokon kan skaffe meg fint havremjøl. Vanleg kjøpevare er for grov. Eg trur bygdemøllene lagar finare mjøl.

Eg kan sjå tilbake på ei rivande utvikling i landbruket, og har utan tvil fått opplevd det gamle jordbruket meir enn dei fleste. Me slo utslått med ljå og alte fram kyllingar, det er utruleg mange gode minne å hente fram. Dei kan umogleg ha det så kjekt, bøndene i dag.